

**- Burde vore felles avkøyring**

27.05.2008



Statens vegvesen meiner det burde vore felles avkøyring. Her er vegen som tek av frå riksvegen og går langs elva til Øyro. (Foto. Ola Matti Mathisen)

**Statens vegvesen har gjeve uttale om reguleringsplanen for turistanlegga i Uskedalen og skriv at området burde hatt ei felles avkøyring frå riksvegen.**

I planen får Øyro avkøyring langs elva medan Rabben nyttar den avkøyringa dei har i dag.

- Poenget vårt er at det utifrå erfaring og statistikk viser at tal ulukker i stor grad er proposjonalt med tal avkøyringar/kryss. Vi meiner reguleringsplanen og utnyttinga av området ville tent på ei felles avkøyring som ville gitt færre lokale interne vegar i området, skriv Statens vegvesen.